

# Plan for trafikktryggleik 2019 – 2022 Tiltaksdel, Handsama i kommunestyret 28.11.2019

---

## Innhald

1	Oversikt over trafikktryggleikstiltak på vegane i Ål.....	2
1.1	Tiltak på riksveg 7.....	2
1.2	Tiltak på fylkesvegar.....	4
1.2.1	Større tiltak.....	4
1.2.2	Mindre tiltak.....	6
1.3	Kommunale vegar/ andre kommunale område.....	6
1.3.1	Større tiltak.....	6
1.3.2	Mindre tiltak.....	8
1.4	Turveg, gangveg og sykkelveg.....	9
2	Planleggingsoppgåver.....	10
3	Haldningsskapande arbeid.....	11
4	Økonomiske rammer 2020.....	12

# 1 Oversikt over trafikktryggleikstiltak på vegane i Ål

Dette er lista med tiltak som høyrer til «Plan for trafikktryggleik 2019-2022». Inndeling av prioriteringsliste følger vegansvaret: Riksveg 7 og fylkesvegar som Statens vegvesen har ansvar for, og kommunale vegar. Lista inneheld både nye og tidlegare registrerte tiltak som ikkje er gjennomførte.

Fargekode:

Tiltak under arbeid
Prioritert 2020

Kostnadsoverslag på gangvegar er gjort ut frå ein løpometerpris på kr 5000.

## 1.1 Tiltak på riksveg 7

Statens vegvesen (SVV) har vegmynde og driftsansvaret for riksveg 7. Dvs. at dei må gjennomføre og godkjenne tiltak langs riksvegen.

Pri	Område	Tiltak	Utfordring/ forbetring	Kostnad	Ansvar
1	Kryss Nossvegen- Rv7	Gangbru lagt inn som krav etter etablering av 16 feriehytter.	Krysset Nossvegen – Riksveg 7 er uoversiktleg. Mange går over Rv7 til turområd. Frå Hallingdal Feriepark er det del av rundtur til sentrum, eller til turområde langs Kvinda.	Avhengig av val av løysing- reguleringsplan med to alternativ (gangbru eller gangstig i flomløpet til Kvinda)	SVV og utbyggjar Hallingdal Feriepark
2	Rv 7-Gullhagen*	Planfri undergang (gangstig)	Rekkefølgekrav i pågående reguleringsplan for Gullhagen	Kr 500 000.- inkl. prosjektering	Ål kommune/ Utbyggjarane jf utbyggingsavtale

3	Breie – Kleivi	Gang- og sykkelveg.	Det er mykje sykkeltrafikk på strekninga. Manglar sykkelveg på 850 m, samt overgang/ undergang Rv7 for ei rundløype rundt Strandafjorden.	Avhengig av val av løysing-  Kommunal del: reguleringsplan Kr 100 000.-	SVV
4	Gudmundsrud- Oppsjø	Gangbru	Gangbru vil gi sikker kryssing av Rv 7 som del av planlagt turveg frå Bråta idrettspark	Ikkje utført	SVV
5	Kroken (sør for Ål idrettshall)	Gang- og sykkelbru over Rv7	Korte ned veg mellom skuleområdet og bustader i Vestlia. Opnar for bruk av vestsida for skolene.		SVV
6	Langs Strandafjorden	Autovern	Manglar autovern på ei strekning på ----m.		SVV
<b>Lyssetting for å redusere faren for ulykker:</b>					
7	Kryss Fv244, Gullhagen				SVV
8	Kryss Fv240 og Fv242 Torpo aust og vest				SVV
9	Kryss Nossvegen –Rv7				SVV

*\*kommunestyre sak 49/19: Ål kommune løyver kr 300 000 dekt frå investeringsprosjekt 085 bustad- og næringstomter 2019 under føresetnad av at resten av kostnadane vert dekt av bedriftene etter fordelingsnøkkelen i framlegg til utbyggingsavtale. Ål kommune løyver kr 500 000 til gangveg dekt frå disposisjonsfondet. Føresetnad for løyvinga er godkjent utbyggingsavtale mellom partane.*

## 1.2 Tiltak på fylkesvegar

### 1.2.1 Større tiltak

Prioritet	Område	Tiltak	Utfordring	Kostnadsoverslag	Ansvar
1	Torpovegen fv 242: Torpo Næringspark – Torpo kyrkje	1. Del av strekket lagt inn i plan for Wangen.  2. Gangveg ca 700 m i samband med vatn- og avløp til Wangen industriområde  Ev. fartshumper, redusert fartsgrense til 40 km/t	Skuleveg for born Veg til Oppheim og til hyttefelt. Høg fart.	1. Kommunal del kr 110 000  2. kr 1 750 000	Utbyggjar jf utbyggingsavtale Wangen/SVV  SVV/Ål kommune
2	Stasjonsbrua Fv245	Ny gang- og sykkelbru parallelt med Stasjonsbrua	Fortau på bru er smalt, 1,5 m bredt, folk sykklar i vegbanen	Er lagt inn i kommunedelplan for Sundre-området	SVV og Ål kommune
3	Torpovegen Fv 240	Gangveg Lien – Malmvegen, 500 - 750 m Forlengje til Hallingdal hytteservice, ca. 400m	Skuleveg utan eigen gangveg. Veg gjennom Torpo sentrum. Høg fart. Ein del tungtrafikk og trafikk til hyttefelt.	Gangveg 2,5 – 3,8 mill + mva, avhengig av løysing	SVV
4	Ål stasjon/ Kuluvegen	P-plass stasjonen, løysing for bringe/hente-området.	Kaos med blanda trafikk. Skuleveg for mange frå Vestlia. Krev detaljplan / reguleringsplan	Ikkje kostandsrekna	Eigar (Bane Nor) og SVV
5	Nordbygdvegen, Fv 244.	Gangveg Feten – Leveld skule 1100 m	Skuleveg for born som bur langs vegen. Høg fart.	Gangveg 5,5 mill + mva	SVV

6	Myrovegen og krysset Myrovegen- Fv 246	Gangveg 400 m og planløyising i kryss.	Skuleveg. Gjennomgangstrafikk frå Rv7. Sju bustader med direkte tilkomst. Gangtrafikk til og frå Hallingdal feriepark under Rv7.	Gangveg og planløyising: 3,0 mill	SVV
7	Jepsensvingen - Øvre-Ålsvegen Fv246	Kurvatur/ breidde	Utbetre slik at svingen blir meir oversiktleg.	Ikkje kostnadsrekna	SVV
8	Nordbygdvegen fv 244	Gangveg Gullhagasvingen - Bøygardsvegen	Ikkje lenger innanfor 4 km frå skule Gangvegen er regulert	Ikkje kostandsrekna	SVV
9	Sirevegen fv 240	Gangveg Sirebrua – Lien, - 1700 m	Skuleveg	8,5 mill	SVV
10	Nedre- Ål/ Ungdomsskulen	Opparbeiding av gangveg sørside av vegen, frå bringe/hente – plass til avkøyering aust for Ål u.skule.	Skuleområde med mykje blanda trafikk.	600 000.-	<b>SVV</b>

### 1.2.2 Mindre tiltak

Prioritet	Område	Ønske om tiltak	Utfordring	Kostnadsoverslag
1	Fv 246- Øvre-Ål	Forlenge 50 km sone.	80 sone startar 200 meter etter Låkrysset der det fortsatt er gangtrafikk, ridning og inn/ut køyring til eigedommar.	Ikkje utført
2	Fv244- kryss Bøygardsvegen	Av og påstigningsplass for buss.	Busselskap melder om dårleg utforming av vegen og eit trafikkfarleg punkt.	Ikkje utført

### 1.3 Kommunale vegar/ andre kommunale område

#### 1.3.1 Større tiltak

Prioritet	Område	Ønske om tiltak	Utfordring	Kostnadsoverslag
1	Sundrejordet- Kulturhusområdet	Fortau, mur og sone for av- og påstiging. Tiltak i samband med Kulturhusutbygging.	Skuleveg til kulturskulen og blanda trafikk.	Kr 850 000
2	Prestegardsjordet	Gang- og sykkelveg	Skuleveg for born frå Vestsida. Blanda trafikk med dei som leverer og hentar born i Sundre barnehage.	Kr 580 000
3	Hagovegen- Sundrevegen	Flytte krysset	Særs krapp sving for å kome ut på Sundrevegen frå Hagovegen. Uoversiktleg sikt mot sør.	Kr 300 000
4	Sundrevegen, Sundrehall (sørsida av vegen)	Gjennomføre gatebruksplan Sundrehall, del 2	Skuleveg. Blanda trafikk Ikkje skilje mellom parkering, veg og fortau. Kaotisk. Utarbeidd gatebruksplan og kostnadsoverslag	Kr 3 mill

5	Fortau Stasjonsvegen	Fortau langs bygningane, 150 m	Blanda trafikk. Ikkje skilje mellom parkering, veg og fortau.	Kr 4.0 mill
7	Bråta	Utbetring av tilkomstveg og undergang	Veg til fritidsaktivitet. Undergang til Bråta er smal og uoversiktleg. Mykje gang- og sykkeltrafikk. Bør vere eige felt for mjuke trafikkantar gjennom undergangen.	Avhengig av løysing
8	Vestlia-Bråta	Gang-sykelbru	Gang og sykkelbru vil opne for turveg rundt Oppsjø	Ikkje utført
9	Strandalivegen	Gangveg	I reguleringsplan for Haugen er det planlagt fleire bustader i området.	Ikkje utført.

### 1.3.2 Mindre tiltak

Nr	Område	Ønske om tiltak	Skildring av vegen	Kostnadsoverslag
1	Nossvegen	Måle stipla liner og sykkелеmblem *	Skuleveg. Gangveg langs Kvinda sluttar ved Verpebakken. Gangveg Verpebakken bratt, og lita nytta av syklistar. Vegen er relativ oversiktleg og brei. Fartsgrense 30 km sone er lite respektert.	Kr 50 000
2	Liagardsvegen	Breiare veg ev skilting om forkøyrsvog frå Rv7 + Autovern	Smalt, utrygt for køyring ifbm arrangement Arbeid igangsett av avd. veg- og park.	Autovern ca. kr 100 000
3	Sundrevegen langs Veterinær- tannlege- optiker og frisør.		Skuleveg. Trangt på fortau mellom bilar som står partkert og dørane til forretningane. I vegbanen er det utrygt med bilar som ryggar ut frå p-plass. Forslag om gangfelt innerst mot vegg ved Veterinær/optikerbygget, sykkelfelt på utsida mot vegbanen, og parkering for bilar i lommer- lukeparkering.	
4	Miljøterapitenestene Prestegardsjordet	Utgreie andre løysingar for adkomst til Miljøterapitenestene for å minke biltrafikken gjennom Prestegardsjordet.	Miljøterapitenestene held til inst i Prestegardsjordet. Dei tilsette køyrer ein del att og fram, og besøkande nyttar same veg. Dette bidreg til delar av trafikken som gjer at busette i Prestegardsjordet blir uttrygge, særleg med tanke på mindre barn.	
<b>Fartshumper ikkje prioritert rekkefølge</b>				
	Kuluvegen	2 fartshumpar	Vegen er tilkomstveg til bustader og gardsbruk. Mykje gangtrafikk Sundre rundt. Fleire stader er uoversiktleg	2 humpar, kr 70 000
	Hagovegen	1 fartshump	Nedre del av vegen er kombinert gangveg og tilkomstveg til bustadfeltet. Skilting av at det er gangveg, og at gangvegen kjem inn på bilveg. Ev. definere som gangveg med løyve til å køyre til bustad.	1 fartshump kr 35 000
	Berglivegen	1 fartshumpar	Vegen er tilkomstveg til ca 30 bustader. Det er i dag to fartshumpar i vegen, men ingen i starten av vegen.	1 fartshump kr 35 000
	Nedre Thoreplassveg	Fartshump		1 hump 35 000
	Vestlivegen/ Kittelsvegen	Fartshump	Fartsgrensene blir ikkje respektert. Bebuarar opplever vegen som farleg.	



	Prestegardsjordet	Fartshumper	Brev frå bebuar: Ingen respekt for fartsgrense og born leikar skilt. Vegen brukt av fastbuande og tilsette i Ål kommune som jobbar i miljøtenesta.	2 fartshumper Kr 70 000
--	-------------------	-------------	--	----------------------------

\*FAU Skattebøl sendte inn søknad til BFK i 2018 og fekk avlag om tiltak fordi det er kommunalt ansvar.

#### 1.4 Turveg, gangveg og sykkelveg

Her er tiltak som ikkje har ein naturleg plass i inndelinga etter vegar og områder i tidlegare kapittel.

Nr	Område	Tiltak	Utfordring/ forbetring	Estimert kostnad	Ansvar
1	Turveg langs riksveg 7 på strekninga Stasjonsbrua – Bråta	Turveg som alternativ gangveg langs riksveg 7. Sikrar gangforbindelse mellom idrettspark, Hallingdal feriepark og skule/barnehage. Idrettspark vert ofte nytta som friområde i skule og barnehagekvardagen.	Det er pr d.d. ikkje gangveg sambinding mellom områda i dag. Turvegen vil skape attraktiv turveg for lokalsamfunnet.	Totalkostnad på 7. mill.	Samarbeid mellom Ål il og Ål kommune
2	Samhald – Hagaleet 850 m. Nordbygdvegen, Fv 244.	Etablere turveg/ turstig i samband med kloakkledningsnettet som er under opparbeiding.	Vegen vil gjere skulevegen tryggjare for born som bur langs vegen, og er eit godt alternativ til ordinær gangveg langs fv som ikkje er prioritert hjå SVV og fylket.	Ca. Kr 250 000 utan reguleringsplan.	Ål kommune i samarbeid med grenselag.

## 2 Planleggingsoppgåver

Oversikt over planleggingsoppgåver som må til for å gå gjennomført tiltak i lista over.

Planleggingsoppgåver i perioden 2019 – 2022 med trafikktryggleik som hovudfokus. Ål kommune må vere prosjekteigar på planleggingsstadiet.

Prioritet	Område	Tiltak	Utfordring	Kostnadsoverslag
1	Prestegardsjordet og Gartnarvegen	Gang- og sykkelveg Reguleringsplan, eventuelt byggeplan etter avtale med grunneigar	Dette er skuleveg for born frå Vestsida. Blanda trafikk med dei som leverer og hentar born i Sundre barnehage	Kr 350.000
2	Breie – Kleivi	Reguleringsplan for sykkelveg-	Mykje brukt sykkelrundløype	Kr 100.000
3	Torpovegen fv 242- vest	Reguleringsplan for gangveg	Skuleveg	Kr 300.000
4	Torpovegen fv240, aust	Reguleringsplan for gangveg mellom krysset frå Malmvegen til Lienkrysset- utvide til Hallingdal hytteservice	Skuleveg	Kr 300.000 +? ved forlenging av strekning?
5	Nordbygdvegen	Reguleringsplan for gangveg mellom Samhald og Feten	Skuleveg	Kr 300.000
6	Oppsjø –Rv 7	Utbetring av avkøyring til Oppsjø frå aust (avkøyringsfelt)	Ål kommune tek initiativ til spleiselag med SVV i 2019	

### 3 Haldningsskapande arbeid

Tabell med tiltak haldnings- og kunnskapsarbeid, ikkje prioritert rekkefølge:

TT = Trygg Trafikk

Målgruppe	Type tiltak	Ansvarlege og forslag til samarbeidspartar
Barn, unge og foreldre.	Informasjon og kampanjer om trygg motorferdsel	Politiet i samarbeid med Ål kommune-SAFT (samordning av førebyggjande tiltak)- gruppa
<b>Born 0-6 år</b>		
	Sikring av born i bil- individuelt Tema på foreldremøte og oppslag i barnehagen	Helsestasjon Barnehagen og TT
	Sikring av born på sykkel/ i sykkeltralle	Helsestasjon, Barnehage, TT
	Refleksdagar	Barnehagen, NAF, TT
	Gå-/ sykle til barnehagen	Foreldre, Barnehagen
	Trafikksikre barnehagar – følgje opp sjekklister	Kommunalsjef oppvekst og leiar i barnehagen, TT
<b>Born 6-13 (barneskule)</b>		
	Trafikksikre skular– følgje opp sjekklister	Kommunalsjef oppvekst, rektor, TT
	Gå-til skulen aksjon	Folkehelsekoordinator og skulen
	Refleksdagar	Skulane, NAF
<b>Ungdom 13-16 år</b>		
	Trafikksiker skule- følgje opp sjekklister	Kommunalsjef oppvekst, rektor
	Halde informasjon / undervisning om fart, rus, refleks og samspel osv.	Rektor og FAU i samarbeid med Politietat, Statens vegvesen m.fl.
	Gå-til skulen aksjon	Folkehelsekoordinator og skulen
	«Ta vare» -kampanjen	Idrettslag
<b>Ungdom 17-23</b>		
	Kontrollar: (promille, fart, teknisk)	Politietaten, Statens vegvesen m.fl.
	Temadag for russen	Politietaten, Statens vegvesen m.fl.
<b>Vaksne/ folk generelt</b>		
	Kontrollar: (promille, fart, teknisk)	Politietaten, Statens vegvesen m.fl.
	Arbeidsplassar kan stimulere til «kameratkøyning» og bilfrie dagar	
	«Frisikt» - (busker, tre som kan hindre sikt i avkøyning og vegkryss)	Info via kommunens heimesider (v. avd. veg og park)
	Refleksdagar	
	Haldningsskapande arbeid for å auke respekten for fartsgrenser	I samarbeid med Velforeningar og grendelag
<b>Eldre + 65</b>	Strøy- og broddekampanjar	Eldrerådet mfl.

## 4 Økonomiske rammer 2020

Ål kommunestyre (sak 70/19) vedtek å prioritere følgjande prosjekt i handlingsdelen til plan for trafikktryggleik i 2020:

1. Løysing Sundrejordet/ Ål kulturhus kr 850 000
2. Gangveg Prestegardsjordet kr 580 000
3. Oppmerking/ måling i Nossvegen kr 50 000
4. Auotvern Liagardsvegen kr 100 000
5. Turstig Samhald – Hagaleet kr 250 000
6. Reguleringsplan del 2 av gangsveg langs Torpovegen vest og byggekostnad (innarbeidd i kostnad opparbeiding av Wangen) kr 1 600 000
7. Gang/sykkelveg på delar av strekninga vest for Wangen næringsområde-Torpo kyrkje kr 420 000 (fram til brua i fyrste omgang)